



# Haugaland brann og redning iks

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Onar Walland, avd. I. beredskap	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 23/006	Dato:	<a href="#">13.05.2023</a>

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	22.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	<a href="#">15.05.2023</a>	vedtak
Kommunestyret i den einsskilde kommune	ikkje fastsatt	orientering

## Beredskapsanalyse trinn II – Haugaland brann og redning iks

### HANDSAMING:

#### Beredskapsleiar/prosjektleiar sin tilråding

-

#### Brannsjefen sin tilråding

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek framlagt beredskapsanalyse med følgjande justering(ar):
  - a. Det vert to ordningar for overordna vakt (01- og 09-vakt)
  - b. Det skal leggest fram ein tidsplan for implementering av beredskapsanalyse.

#### Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Det er viktig å få vedteke beredskapsanalysa for å ha framdrift i etablering av selskapet. Beredskapsanalysa vert derfor vedteke med den endring som er tilrådd av brannsjefen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek framlagt beredskapsanalyse med følgjande justering(ar):
  - a. Det vert to ordningar for overordna vakt (01- og 09-vakt)
  - b. Det skal leggest fram ein tidsplan for implementering av beredskapsanalyse.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Det var i representantskapet for sak 22/019 vedteke ein beredskapsanalyse som fastsette stasjonsstrukturen for Haugaland brann og redning iks. Vedtaket vart:

*Representantskapet vedtar å opprettholde stasjonsstrukturen slik den er i dag med unntak av Tysværåvåg stasjon som legges ned. Dette forutsetter at Raglamyr og Veå realiseres iht. selskapsavtalen og at Tysværåvåg avvikles tidligst på det tidspunkt en hovedbrannstasjon tas i bruk. Det skal gjøres vidare analyse av innholdet på stasjonene i form av tjenestnivå, bemanning, kompetanse, utstyr m.m.*

Med dette som utgangspunkt er det jobba fram ein beredskapsanalyse trinn II som skal innfri mandatet som er gitt av eigarkommunane i sak 21/012:

*Eierkommunene ønsker et kosteffektivt og optimalt organisert HBR som kan levere den beredskapen som er nødvendig. HBR må dimensjoners ut fra en beredskapsanalyse som sikrer at vi innfrir lov og forskrift og de mål som eierne har satt for HBR.*

*HBR må etablere en helhetlig beredskapsanalyse som tar for seg beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur. Det er viktig at selskapet søker en optimal stasjonsstruktur uavhengig av kommunegrensene. Analysen skal være beslutningsgrunnlaget for fastsettelse av branndokument (brannordning) for Haugaland brann og redning iks.*

*Det skal opprettes en referansegruppe hvor eierkommunene er representert ved kommunedirektører/ rådmenn. Det er viktig med tett dialog og medvirkning underveis slik at nødvendige valg og beslutninger i prosjektfasen optimaliseres og at det er kunnskap om -og eierskap til løsningene. Det er ønske om en 3. partsvurdering underveis i arbeidet. Budsjett og plan for arbeidet utarbeides.*

*Arbeidet må koordineres mot eiere, politisk og tillitsvalgte. Arbeidet med beredskapsanalyse skal ha følgende leveranser:*

- Prosjektbeskrivelse og -plan for gjennomføring.
- Milepælsplan (inkl. hørings-/beslutningsplan).
- Gjennomgang av eksisterende ROS-analyse og rapport som inkluderer forebyggende tiltak.
- Synergieffekter med utfallsrom og tiltaksplaner.
- Beskrivelse av budsjettkonsekvenser for 2022 (kortsiktige tiltak som gir synergieffekt og/eller innsparing) - Sluttrapport.
- Forslag til branndokument.

## **GJENNOMFØRING**

Analysen bygger på beredskapsanalyse trinn 1 kor stasjonsstruktur vart fastsett. Trinn 2 er å fylle stasjonane med innhald som tenester, kompetanse, utstyr og køyretøy.

Det er i analysa lagt til grunn:

1. Dimensjonerande hendingar er nytta som grunnlag for kva løysing som vert valt for HBR. Eit viktig prinsipp i denne samanheng er at dimensjonerande hendingar skal løysast av HBR og ikkje av kvar einskilt stasjon. Likevel, det er kvar stasjon som løyser vanlege og mindre hendingane sjølve.
2. Tenestenivå: for å fordele mannskap med rett kompetanse i tillegg til utstyr og køyretøy på ein formålstenleg måte, er det valt å dele oppgåvene i ulike tenester. Dei ulike tenestene som vert lagt til ein stasjon utgjer denne stasjonen sitt samla tenestenivå. Dette blir ein forenkling, da mange tenestar er samansatte. Det er lagt opp til at samtlege stasjonar skal ha ei grunnpakke som inneheld det mest grunnleggande av dei tenestene som skal handterast:
  - a. For nokre stasjonar vert det lagt opp til at dei saman med andre stasjonar skal dekke tilbod som til dømes røykdykking nivå 1. Det er skapt eit inntrykk av at dette er ei teneste som alle stasjonar har hatt frå tidlegare, men dette er ikkje tilfelle og har ikkje innfridd gjeldande regelverk.
  - b. Nokon stasjonar vil får styrka tenestetilbod slik at det vert gitt føresetnadar for å handtere visse tenester/hendingar innan sitt geografiske stasjonsområde, men også for å kunne støtte ut av eige område.
  - c. Endring av tenestetilbod har vore på vent sidan oppstart av selskapet då fokus har vore å hente inn etterslep og harmonisere tenestetilbod som allereie er etablert. I analyse er dette no vurdert og nokre stasjonar frå utvida tenestetilbod, andre får ei redusert teneste.
  - d. Etter etablering av heiltidstilsette på beredskap ved brannstasjonane på Raglamyr og Veia, vil det bli etablert ein kapasitet som vil medføre at det av praktiske og økonomiske omsyn vil bli

etablert tenester der framfor delt på øvrige stasjonar. Hovudstasjonen vil vera eit «nav» i selskapet og stasjonen vil vera heilt nødvendig for å klare å drifte vidare.

- e. Det vil ikkje bli etablert tenester som allereie er etablert i vår region, men det vil i staden søkast samarbeid. Eksempel vil vera båtberedskap, dykkar- og kjemikaleberedskap med meir.
3. Basert på stasjonsstruktur vedteke i analyse trinn 1, vert det lagt opp til:
    - a. Felles overordna vakt for heile Haugaland brann og redning iks.
    - b. Helgevaktordning for Aksdal vert avvikla.
    - c. Det vert etablert heildøgns utrykningsleiarordningar for dei stasjonane som ikkje har dette. Dette gjeld stasjonane Nedstrand, Bokn, Ølen, Sandeid og Skjold. Utrykningsleiarane ved Aksdal fortset som før utan vaktordning da denne også kan dekkast av Raglamyr som følgje av kort avstand. Utsira har ein dispensasjon frå kompetansekrav.
  4. Kompetansekrav kjem ut frå kva tenester som vert lagt til stasjonane. Her er det fastsett:
    - a. Korleis ein legg opp til at kompetansekrav samsvarar med tenester lagt til ein stasjon.
    - b. Utdanning og krav til kurs samt omfang.
    - c. Kva nivå ein skal ha for førarkort og tilleggskodar.
    - d. Forslag til alternative løysingar, noko som kan medføre at alle stasjonar ikkje treng ha store køyretøy som igjen medfører mindre behov for c-førarkort og lågare kostnader for investeringar og vedlikehald. Slike nye løysningar må utredast for å sikra at dei kan gjennomførast.
    - e. Kva øvingsbehov som må tilførast. Dette er eit utfordrande punkt i all den tid brann- og redningsvesen har gjennom dei siste ti-åra, gått frå å vera eit brannvesen til å bli eit brann- og redningsvesen med alle dei nye oppgåvene som ligg til denne endringa.  
  
Mangfold av hendingar er eit av mange område som ny Stortingsmelding for framtidens brannvesen vurderar<sup>1</sup>.  
  
Timetal for tilsette ved brann- og redningsvesen har stort sett for dei fleste brann- og redningsvesen vore uendra til tross for at oppgåvene har endra seg og forventningane er høgare. I analysen er det sett på behov for øvingstimar basert på risiko, og det vert lagt opp til ei auke av timetal for å hente inn dette etterslepet. I HBR har mannskap med lågast timetal i dag, 36 timar i året<sup>2</sup>. Det vert tilrådd 1-2 timar ekstra per måned per tilsett.
    - f. Nokre funksjonar/roller vil ha ytterlegare behov for øvingstimar enn det som er nemnd over. Eksempelvis at utrykningsleiarar har behov for fleire timar innan leiing.
  5. Utstyr og køyretøy: Det er ein raud tråd mellom tenester, organisering og utstyr/køyretøy for å sikre at nivå heng saman. Det som er vurdert er:
    - a. Same punkt som 4.c over.
    - b. Same punkt som 4.d over.
    - c. Det vert etablert ein ressursstasjon på Raglamyr for heile selskapet.
    - d. Strategisk plassering av utstyr/køyretøy med tenester for å støtte andre stasjonar.
    - e.

## VURDERINGER:

### INNLEIING

I en beredskapsanalyse tek ein utgangspunkt i eksisterande risiko og sårbarheit og fastset tiltak som gjev redusert sannsynlegheit eller konsekvens. Dette arbeidet kan ikkje gjerast uavhengig av den historikk som ligg til tidlegare tiltak, samstundes som eit større geografisk område gjer til at me må vurdere risiko på same måte i heile ansvarsområdet. Dette medfører mange utfordringar som er vanskeleg å argumentere

<sup>1</sup> Stortingsmeldinga er forventa å leggast fram innan utgangen av 2023.

<sup>2</sup> Timar for utrykningar kjem i tillegg.

godt for i all den tid at vurderingar vert subjektive, uansett kor objektiv ein skal vera. Nokre historiske eksempel som er forsøkt justert/utbedret i denne analysen:

- Det er vurdert at det er nødvendig med utrykningsleiarar på vakt på ein stasjon, men ikkje på ein annan, sjølv om risiko og sårbarheit er samanliknbar.
- Det er 18 mannskap på ein stasjon og 12 på ein annan, sjølv om innsatskrav er det same.
- Det er 36 timar til øvingar på ein stasjon og 48 timar på ein annan, sjølv om kompetansekravet er det same.

Det er mange døme på dette, og det kokar ned til at det er ulik verdisetjing av dei tiltak som ulike fagfolk meiner fungerer best. Også denne beredskapsanalysa gjev ikkje eit svar som ein kan setja to strekar under, men det er ein fagleg tilråding frå beredskapsleiar der ein har sett heile selskapet sitt ansvarsområde under eitt og prioritert likt uavhengig av kommunar.

## ØKONOMI

### Endring vaktordningar

Etablering av utrykningsleiarvakt (Nedstrand og Bokn)	1 424 000,-
Utvida utrykningsleiarvakt til døgn i Vindafjord	510 000,-
Ta bort helgevakt i Akdsdal	- 600 000,-
<u>Etablere en felles IL-vakt (Raglamyr)</u>	<u>- 1 110 000,-</u>
Kostnadsøkning	224 000,- per år

### Endring personell

Reduksjon antall mannskap (Sveio, Førde og Bokn)	- 720 000,-
<u>Økning antall mannskap Jelsa</u>	<u>480 000,-</u>
<u>Reduksjon kostnader inkl sosiale kostnader (utan Suldal)</u>	<u>- 720 000,- per år</u>

Det er ikkje alle stasjonar som har den bemanning dei skal.

### Endring kompetanse

Timetall til øvelser for mannskap

Kostnadsøkning inkl. sosiale utgifter	1 410 000,-
Kostnadsøkning inkl. sosiale utgifter (utan Suldal)	1 040 000,-

Timetall til øvelser for spesielle funksjoner (utrykningsleiarar og sjåførar)

Kostnadsøkning inkl. sosiale utgifter	200 000,-
Kostnadsøkning inkl. sosiale utgifter (utan Suldal)	150 000,-

### Endring utstyr og køyretøy

Det legges ikke opp til større innkjøp av utstyr/materiell og køyretøy som en konsekvens av denne analysen, men det er flere utredningar som må gjennomførast fyst for å gi svar på disse behova.

Noko av det som har blitt vurdert er om det kan vara gunstig å endre køyretøyparken til å ha fleire mindre køyretøy i staden for store brannbilar, men dette må vurderast betre. Førabels vurdering er at man kan spara 140 000,- pr stasjon pr år, om det viser seg at dette kan gjennomførast. Dette er førabels aktuelt for dei stasjonar som ikkje skal ha røykdykkar nivå 1.

## ENDRINGAR

Å gjennomføre endringar i ein organisasjon er krevjande og det er fleire forhold som må på plass. Me har vore gjennom ei fase kor 20 stasjonar skulle inn i eit nytt selskap og der harmonisering og utarbeiding av felles rutinar skulle på plass. Dette var som kjent ein krevjande prosess og hadde ein stor kostnad på fleire måtar.

I neste endringsprosess skal selskapet re-organisere, innbemanne nye stasjonar, ta vekk og tilføre nye tenestoområder med meir. Dette vil angå mange av våre tilsette, og det er viktig å:

- Skape ei forståing og ein aksept for kvifor endringa er nødvendig.
- Ha ein prosess som sikrar forutsigbarheit og vilje til endring.
- Ha brei medverknad i prosessen. - Ha eit tydeleg mål for kor ein skal når endringsprosessen er ferdig.

Dette er ikkje enkelt. Det er skrevet tusenvis med bøker om endringsleiing, og hadde dette vore enkelt, ville det vore nok med ei bok.

Det er derfor viktig å ha ein tanke om kvifor ein skal gjennomføre endringar og tenke gjennom om formålet med tiltaket står i samsvar med potensielle konsekvensar om me ikkje (fullt ut) lukkast.

Endringar som eit resultat av beredskapsanalysa må:

- vera godt forankra hos eigarane, og ikkje berre i representantskapet.
- ha ei kost-/nyttevurdering.
- vera langsiktige då kortsiktige gevinstar ofte får krevjande sidesynergjar som gjer til at gevinsten går tapt på andre områder.
- ta omsyn til direkte påverknad av funksjonar og stillingar<sup>3</sup>.

«Brent barn skyr elden». Me har vore gjennom krevjande endringar i selskapet samstundes som denne historikken ikkje skal gjera til at me ikkje tør gjennomføre nye endringar. Me skal likevel lære av denne historikken og ta med oss at mannskapet vårt er stolt av sin arbeidsplass og det som dei leverer inn til lokalsamfunnet (med god grunn). Me skal vera særdeles forsiktige med å gjennomføre tiltak som viser at denne innsatsen ikkje vert verdsett.

Tiltak som vert skissert i beredskapsanalysa må vera retningsgivande, og det er ikkje realistisk å gjennomføre tiltak frå og med «i morgon». I saman med dei tilsette og våre eigarar må det lagast ein plan for korleis og når tiltak skal vera gjennomført.

## **POLITISKE FØRINGAR**

Beredskapsanalysa tek omsyn til faget og med utgangspunkt i styrande dokument (selskapsavtale og lov/forskrift). Dersom eigarane endrar dei styrande dokumenta (føringane) for selskapet, har ein rett til dette. Det må i så tilfelle vera ein styrt prosess og i godt samspel mellom eigarar, styret og administrasjon.

Haugesund, 16.03.2023

Onar Walland  
Avdelingsleiar beredskap

Vedlegg:

1. Beredskapsanalyse trinn II
2. Oppsummering høyringsuttale

---

<sup>3</sup> Ein løysing som er praktisert i oppretting av selskapet var ein utfasing i takt med normal avgang (eksempelvis overordna vakt i Tysvær der det i dag er 2 av 4 som går vakt)

## VEDLEGG 2 - Høringskriv fra ansatte.

Nedenfor er det laget en oppsummering av de høringene som er kommet inn. Denne oppsummeringen er ment som en oversikt over det som er kommet inn av synspunkt, vurdering og anbefalinger fra våre ansatte. Arbeidsgruppen vil bruke originaldokumentene og jobbe seg gjennom hver og en for å se om det tilkommer ny informasjon som vil påvirke beredskapsanalysen slik den foreligger nå.

### Områdeleiar Øst

- Er enig i at innsatsledelse må sees i hele ansvarsområdet under ett, noe som gir større erfaringsgrunnlag, lettere å opprettholde kompetanse og god støtte til/av 09.
- Også bemanning på stasjonene er bra med tanke på prinsippet 1:4 samt at det kan reduseres bemanning der det ikke er et direkte krav om dette.
- Det må vurderes om det er nødvendig med overtall både på Vea og Raglamyr i all den tid det må være synergi mellom disse + kursfravær går ned når ny fagskole er etablert.
- Støtter også behovet for å øke timetallet for øvelser. Samtidig er det en bakside med dette der vi gjør beslag på fritida til mannskap, noe som igjen kan vanskeliggjøre rekruttering.
- Støtter forslag til tjenestenivå, men med noen forslag til forbedringer.
- Det stilles spørsmål til kapasiteten ved Raglamyr på noen områder:
  - o Det forventes at oppgaver som ligger til brigadeførere i dag skal ivaretas av vaktlaget sammen med nye oppgaver og tjenesteleveranse på flere områder.
  - o Fremfor å tenke at alt skal sentraliseres, bør det vurderes kostnadseffektive tiltak ved å desentralisere noen løsninger. Dette vil frigjøre areal.
  - o Det pekes på endringer som påvirker målsetninger for Vindafjord kommune om å være knytestpunkt for Indre Haugaland.
  - o Det pekes også på personalmessige utfordringer som ikke gir en økonomisk eller faglig gevinst.
- Innsatsleder brann har en svakhet med at det legges to ledelsesnivå på en og samme person. Det er heller ikke en gevinst i at innsatsleder er kasernert fremfor å ha hjemmevakt. Når 09 er innsatsleder er prinsipp fulgt opp.
- En del tjenester bør legges til deltidstasjoner fremfor hovedstasjonen (f. eks, naturbrann og dyreredning). Det gir ikke mening av Raglamyr skal ha mannskap og kompetanse til å slukke en naturbrann på eksempelvis Nedstrand m.t.p utholdenhet og tilgjengelighet samt økonomi.

### Tilbakemelding fra Førde og Sveio 27.03.2023

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Peker på behovet for å ha 16 mannskap ut fra sårbarhet for lavt oppmøte deler av døgnet/året og mener ut fra dette at 12 mannskap vil gi en svekket beredskap.
- Inn mot Bømlafjordtunnelen vil Førde være førsteinnsats sammen med Stord. Førde stasjon må ha utstyr for å håndtere branner i tunnel.
- Ut fra veinettet i Sveio er det nødvendig med kompetanse og utstyr for trafikkulykker.
- Kommunen har spredd bebyggelse og Førde må ha kompetanse og utstyr for å håndtere branner i bolig samt branner i landbruk.
- Det er behov for kompetanse og utstyr for å håndtere utmarksbranner på begge stasjonene.
- Det pekes på risiko i forbindelse med vann og sjø, [deriblant behov for overflateredning](#).

Ut fra dette må både Førde og Sveio stasjon ha mannskapsbil og det må være kompetanse for å røykdykker på nivå 1 og 2. Videre må det være båt med påhengsmotor samt overflateredningsutstyr. Andre behov er å ha akuttgjelderordning, kompetanse for PLIVO og dyreredning.

Ber om at Førde ikke blir redusert til en reservestasjon eller en «B-stasjon» da dette vil være demotiverende og utfordre rekrutteringsarbeidet. Skal det spares penger, må det skje andre steder enn for den lokale beredskapen.

Det pekes på at det må fremkomme hva som legges ned og ikke bare hva som tilføres de ulike stasjonene.

### **L301/område Øst**

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Peker på at analysen retter seg i for stor grad mot regelverk og mindre i retning av å etablere «ett brannvesen».
- Innforstått at det vil være endringer, men kan ikke se at Raglamyr skal levere all beredskap som er beskrevet i analysen, både faglig og økonomisk.
- Det er uheldig å legge ned Ølen som ressursstasjon ut fra:
  - o Tidsbruk/innsatstid vil øke.
  - o Sannsynlig med sammenfallende hendelser og unødvendig eksponering.
  - o Opplevelse av redusering fremfor utvikling av ressursstasjonstjenesten.
  - o Ved bruk av ressursbil, vil det måtte tas inn reservemannskap på overtid, både ved utrykninger, men også ved øvelser. Dette medfører økt kostnad.
  - o Tjenesten blir håndtert av heltidsansatte i dag.

Ut fra dette anbefales det å ha Ølen som ressursstasjon utenfor de kasernerte stasjonene og Raglamyr betjener kasernert område + Skudenes.

- Analysen må ta innover seg førerkort C1, C1E og B96.
- Det er forståelse for at det må være endringer innenfor innsatsledervakt. Det er likevel vanskelig å se at anbefalt løsning om at utrykningsleder skal være innsatsleder for hele regionen. Dette blir en dobbeltrolle og vil medføre bruk av overtid/innkallingsmannskap. Det anbefales derfor å ha 01-ordning som hjemmevakt for hele regionen.

### **Lasse H O /Vormedal**

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Ut fra analysen ser det ut som om hovedstasjonen skal dekke alle hendelser samt være ressursstasjon, noe som vil være vanskelig å praksis med 3+1+1 mannskap.
- Det er ikke samsvar med avvikling av Tysværvåg og det å ikke ha røykdykking på Bokn.

### **Morten Aarhus/Suldal**

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Det bør være røykdykking nivå 1 og 2 ved Suldalsosen og Jelsa, selv om det ikke tilstrekkelig antall røykdykkere. Dette ut fra risikoobjekt og avstand til Sand.
- Som følge av mye tungtrafikk i kommunen samt dårlig veistandard, må det være tungredningstjeneste.
- Det må være kompetanse og utstyr for ekstremvær ved Sand stasjon. Veier blir ofte stengt og det er nødvendig med å være selvforsynt innenfor dette området.

### **Neri Fisketjøn /Suldal**

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Det er positivt at det foreslås økning i mannskap, men det vil være krevende å ha vaktordning på utrykningsledere.
- Det vil være nødvendig med røykdykkernivå 1 ved Jelsa og Suldalsosen og det vil være interessant å se de dimensjonerende hendelser her.
- Siden akutthjelper er en tjeneste som vi skal ha, bør rekruttering av helsearbeidere vurderes.
- Ut fra risiko bør det være tungredningstjeneste i Suldal.

## **Tormod Hoftun /Suldal**

En oppsummering av tilbakemeldingen er:

- Stasjoner som er foreslått å ha røykdykkernivå 0 har i dag nivå 1 eller 2 og dekker store geografiske områder. Det må foreligge en analyse som sier noe om konsekvenser for innbyggere av å ikke ha denne tjenesten i nærområdet. Dette vil være svekket beredskap.

Det må avklares om:

- o det er «avskilting» vi snakker om. Eller om det kan røykdykkes om nok mannskap dukker opp.
  - o ressurspådraget nå blir svekket.
  - o Reduksjonen skyldes manglende rekruttering, oppmøte, kompetanse eller økonomi.
  - o Hva er gevinsten hvis det er samme øvelsestimer for nivå 0 som 1 og 2?
- For skogbrann er det viktig at alle stasjoner har utstyr og kompetanse.
  - Det forutsettes at tungutstyr gjelder utstyr utover standard redningsutstyr/løfteputer.
  - Det må være samsvar mellom kommunens ROS og HBR sin beredskapsanalyse.

## **Morten Svandal/områdeleder**

En oppsummering av tilbakemeldingen er (kommentarer til begreper, definisjoner og termer er utelatt da dette er justert i revidert utgave):

- Det skapes kapasitet ved kaserneing, men enkelte tjenester er mest kostnadseffektive med å plassere på deltidsstasjoner.
- Det stilles spørsmål til kapasitet som tar utgangspunkt i eksisterende forhold ved fastsettelse av tjenestenivå. Dette hører hjemme i beredskapsanalyse del 1.
- Vedr. tjenester;
  - o Suldalsosen bør ha kompetanse for tunnel.
  - o Det er vanskelig å se gevinst i at hovedstasjonen skal ha kompetanse for naturbrann.
  - o Vognhall med mer kan dimensjoneres ned på Raglamyr hvis tjenester flyttes ut.
  - o Det bør være tungredning på flere stasjoner enn Raglamyr.
  - o Dyreredning bør desentraliseres.